



Notat

Til: Rolf Sandstad, Hanne-Mari Engen, Torunn Tolleshaug Hovden, Inger Morken Ellingsen, Jon Askeland

Kopi til:

Saksbehandler: Kultur- og sørvistorget/Bente Kopperdal Hervik

Vår referanse: 14/302 - 4 / FA - C03, HistSak - 12/676

Dato: 19.02.2014

Emne: Referat frå møte med skulane om Radøy kommune sitt 50-årsjubileum 27. januar

I samband med kommunen sitt 50-årsjubileum vil kvar barneskule få 10000 kroner til å laga ei markering av jubileet. I utgangspunktet var det tenkt at arrangementet skulle vera ope for alle, men skulane viser til at dette kan vera vanskeleg å få til på grunn av kapasitetsproblem og arbeidstid.

Austbygd skule

Skal ha arrangement i perioden mellom påske og 17. mai. Dei skal ta føre seg korleis det var i krinsen for om lag 50 år sidan. Kvar lærar har fått kvar sitt ansvarsområde. Det vert ulike stasjonar, slik som dei gjorde det på skulen sitt 50-årsjubileum.

Sæbø skule

Sæbø skule skal markera jubileet i veke 18. Detaljane er ikkje klare enno.

Manger skule

Planlegg temaveke om kystkultur i vår. Skal i tillegg markera ny skule, at Manger skule var 50 år i fjor og at det i fjor var 150 år sidan det kom skule på Manger.

Planlegg arrangement i veke 14.

Hordabø skule

Planlegg arrangement allereie 21. februar (seinare utsett). Dagarrangement.

Kulturadministrasjonen

På rådhuset har me arkiv i kjellaren attende til 1964. Dei som ynskjer kan koma å sjå i arkivet, og få kopiar av det dei ynskjer. Me har også register til formannskapsprotokollane og kommunestyreprotokollane, og kan lett søkja fram aktuelle saker.

Post

postmottak@radoy.kommune.no
Radøyvegen 1690, 5936 Manger

Kontakt

Telefon +47 56 34 90 00
Telefaks +47 56 34 90 01

www.radoy.kommune.no

Konto 3636 07 00776
Org.nr. 954 748 634



Me har samla inn ein del bilete til bygdeboka. Skjema for kvart bilete finst i permar, og de kan koma å bla gjennom desse permane. Om det er konkrete motiv de ynskjer, kan de spørja etter dei, men fordi me ikkje har database med oversikt over alle bilete, kan me ikkje lova at me finn det.

Karl Kolstad har skrive ein artikkel om kommunesamanslåinga. Denne artikkelen kan me senda ut til alle.

Bente skal senda liste over dei siste kommunestyremedlemene i Manger, Hordabø og Sæbø kommunar, og dei første i Radøy kommune.

Hugs å ta kontakt med Bente i god tid før arrangementa slik at me kan få annonsert dei. Dette gjeld sjølv om arrangementet ikkje er ope for alle. Me ynskjer uansett å skapa blest om arrangementa slik at jubileet vert synleg i kommunen. Me ynskjer også reportasje frå alle arrangement, med tekst og bilete!